

Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/3380-1

Årsrapport 2014 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Årsrapport 2014 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

Vedlegg:

1. Årsrapport 2014 Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Årsrapport 2014 fylkesrådet for funksjonshemma
- Årsrapport 2014 eldrerådet
- Årsrapport 2014 Vestlandsrådet

SAKSFRAMSTILLING

Innleiing/lovkrav

§ 48 pkt. 5 i kommunelova omtalar årsrapporten slik:

"I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunen eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultat av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven."

Etter vedtak i FT, sak 48/13, skal ikkje hovudutvala leggje fram eigne årsmeldingar frå og med rapporteringsåret 2013. Det er vidare lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring skal samordnast. Dette er følgd opp.

Nemnde omlegging endrar ikkje føremålet med den administrative årsrapporten. Men fylkesrådmannen har likevel endra saksgangen slik at hovudutvala får rapporten til handsaming før han går til fylkesutvalet og fylkestinget.

Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2014 følgjer saka som vedlegg 1.

Fylkesrådmannen viser særleg til kapittelet «Slik fylkesrådmannen ser det» frå s. 4 i årsrapporten. Fylkesrådmannen gjev her eit kortfatta oppsummering av året 2014. Med omsyn til fylkeskommunen si økonomiske stilling viser fylkesrådmannen særskilt til årsrapporten side 6 og 7, der ein også fokuserer på fylkeskommunen sine inntektsutsikter framover sett i lys av det nye inntektssystemet som Stortinget vedtok i kommune-økonomiproposisjonen for 2015.

Fylkeskommunen si økonomiske stilling er elles vurdert/framstilt frå s. 12 til s. 19 i årsrapporten.

For meir detaljert gjennomgang av drifta på dei ulike sektorane vert det vist til årsmeldinga s. 20 til s. 74.

Etisk standar, likestilling , likeverd og mangfald

Kommunelova § 48 krev også at ein i årsrapporten rapporterer på kva som er gjort for å;

- ☐ sikre ein høg etisk standard i fylkeskommunen og
- ☐ fremma likestilling, likeverd og mangfald i fylkeskommunen.

I meldingsåret har fylkeskommunen føreteke ein revisjon av sitt verdigrunnlag, jf. FT-sak 41/14. I forkant av fylkestingsaka vert det gjennomført ei «brei» administrativ evaluering av rutine innan området. Fylkesrådmannen viser elles til årsrapporten side 88-89.

Likestillingsutvalet vedtok 4 juni 2014 ei justering av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planperioden er 2014-17. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som FT vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

For meir detaljerte opplysningar viser Fylkesrådmannen til årsrapporten s. 80 – 85.

Uttale revisjonen

Revisjonen har i sin revisjonsmelding konkludert slik om årsrapporten:

«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.»

Andre årsmeldingar

I tillegg til årsmeldinga frå fylkesrådmannen ligg det føre årsmelding frå fylkesrådet for funksjonshemma, frå eldrerådet og frå Vestlandsrådet. Desse ligg alle elektronisk på fylkeskommune si heimeside under årsmeldingar. Fylkesrådmannen viser til desse.